



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President
Stortinget
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/682-2

23. mars 2018

Spørsmål nr. 1181 til skriftleg tilsvar frå stortingsrepresentant Geir Pollestad til samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen

Spørsmål:

Korleis har utviklinga i kostnadane for tilbringartenesta for losar utvikla seg i kvart av åra frå 2013-2018?

Svar:

Oversikta nedanfor viser kostnadsnivå for tilbringartenesta over perioden 2013-2018. Eg har tatt med ein kolonne for losoppdrag, da kostnadsnivå heng saman med aktivitetsnivå. Årsaken til at tal for losoppdrag er nytta i staden for tilbringaroppdrag er at statistikkføringa på sistnemnte blei endra i 2016-2017 og dermed ikkje er eintydig for perioden det her er snakk om.

År	Kostnader	Losoppdrag
2013	262 978 000	43 773
2014	246 883 000	44 427
2015	219 967 000	41 946
2016	234 051 000	38 911
2017	221 042 000	40 403
2018	220 000 000	40 000

For perioden 2013-2017 er det nytta regnskapstal for kostnadane og statistikk for losoppdraga. For 2018 er det tatt utgangspunkt i budsjett for kostnadane og prognose for losoppdraga. Alle tal er i 2018-kronar.

Kostnadsutviklinga over perioden heng saman med konkurranseutsettinga av tilbringartenesta. Det ble inngått kontrakt med Bukser og Berging AS om levering av tilbringartenester hausten 2015, med iverksetting i 2016. Frå og med 2017 har tilbringartenesta i sin heilhet blitt levert frå selskapet.

I 2014 og 2015 blei det ikkje utføra nyinvesteringar i same grad som før, som ein konsekvens av prosessen fram mot konkurranseutsetting av tilbringartenesta. Kostnadsnivået for denne perioden er difor lågare enn kva dei normalt ville ha vore.

Om vi jamstiller kostnader og aktivitetsnivå i 2013 og 2017, som er siste år (2013) med "normal" drift i eigen regi og første heile år med tilbringarteneste i privat regi, viser tala at kostnadene er redusert med 15,9 % medan losoppdraga er redusert med 7,7 %. Dette tyder på at kostnadene er redusert meir enn aktivitetsnivået skulle tilseie, og gir ein indikasjon på at konkurranseutsettinga har verka etter hensikta. Denne perioden er likevel for kort til å vurdere effekten av konkurranseutsettinga. Vi vil difor følge kostnadsutviklinga i tilbringartenesta i tida framover ut frå føremålet med konkurranseutsettinga.

Med helsing

Ketil Solvik-Olsen